
Fra: fmvlpost@fylkesmannen.no
Sendt: onsdag 29. mai 2019 14:59
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Øystein Hafnor Kolstad
Emne: Miljøfagleg kommentar - Nydyrkning - Lindås - 43/1 - Natås - Rune
Natås

Når det skal gjerast vedtak om dette må tiltaket først vurderast etter prinsippa i naturmangfaldlova §§8-12 (jf naturmangfaldlova sin § 7). Teigane 2 og 3 er definert som myr og dette er eit moment som må drøftast når saka skal vurderast etter desse prinsippa.

Vi har diverre ikkje ei fullstendig kartlegging av myr-naturtypar i Hordaland, og det må vurderast om den myra som ein no søker om å få dyrke opp deler av kan ha miljøverdiar knytt til seg, sjølv om dette ikkje er registrert i naturbase.

Av DN-handbok 13, som ligg til grunn for denne kartlegginga, ser vi at dette kan karakteriserast som ei kystmyr. Intakt kystmyr i boreonemoral sone, eller i det intensivt drivne jordbrukslandskap, med ein storleik på over 50 daa skal verdsettast som «svært viktig», eller som ein naturtype med A-verdi.

Slik det ser ut av søknaden er teigane 2 og 2 del av eit større myrsystem, som er langt meir enn 50 daa totalt. Dette må takast med i vurderinga når saka skal handsamast etter Naturmangfaldlova.

I tillegg er det verdt å nemne at Stortinget (av omsyn til klimaet) har bedt regjeringa om å fremme forslag om forbod mot nydyrkning av myr og eit slikt forslag har ligge ute til høyring.

Med venleg helsing
Solveig Kalvø Roald

Seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Vestland

Telefon: 55 57 23 27
E-post: fmhoskr@fylkesmannen.no
Web: www.fylkesmannen.no/vl